



**‘Gud har omsorg for den flyktande kvinnen. For Gud gløymer ikke sitt forfølgde folk.’**

Hans Johan Sagrusten, side 4-5

Vietnam: Fikk Stefanusprisen. Fri fra fengsel | Leder: Brente kirker, hva gjør det med oss? **3**

Vietnam: De vil vitne for folket i nabolandsbyen **6** | Sammen om mysteriet i to tusen år **10**

India: Fordrevne kristne ber om ikke å bli glemt **12** | Pakistan: Hun nektes myndighetenes hjelp **14**



*Nguyen Bac Truyen er fri, her med kona Kim Phuong Bui i Berlin.  
Foto: Privat*

“

Vårt krav er alle samvittighetsfanger umiddelbare og betingelsesløse frihet.

*Ed Brown*

# SATT FRI FRA FENGSEL

– En gledens dag, jubler Ed Brown om løslatelsen av Nguyen Bac Truyen.

■ **Truyen ble satt fri** fra fengsel i Vietnam, og kom til Berlin 8. september sammen med sin kone Kim Phuong Bui.

I forrige utgave av Magasinet Stefanus kunne du lese at det har gått på helsa løs i fengselet for Truyen. Akkurat i det utgaven gikk i trykken, kom meldingen om at han var satt fri.

– Truyen har uselvsk stått opp for andres rettigheter og har satt egen helse og sitt eget liv i fare, sier generalsekretær Ed Brown. Juristen, menneskerettsaktivisten og hoa hao-buddhisten fikk Stefanusprisen i 2020.

Truyen har sittet drøye seks år i fengsel siden han ble arrestert på åpen gate i Ho Chi Minh-byen

(Saigon) 30. juli 2017. Han ble bortført og holdt isolert i mange måneder. Den 5. april året etter ble Truyen dømt til 11 års fengsel og tre års prøvetid. Han og en gruppe andre demokrati-aktivister ble dømt for å ha utført «aktiviteter med sikte på å styre folkets styre».

– Paret er meget takknemlige for innsatsen til både organisasjoner og enkeltpersoner som har kjempet for religionsfriheten i Vietnam og for deres sak spesielt, sier Tryuens støttespiller, Michelle Nguyen.

#### «Stor ære»

Da den fengslede Truyen i 2020 fikk Stefanusprisen, sendte hans kone Kim Phuong Bui, som selv er blitt trakassert, en sterkt hilsen:

«Prisen er en stor ære og en fantastisk oppmuntring mens han ofrer sin frihet og helse for å beskytte retten til tros- og livssynsfrihet for alle.»

#### Fortsatt i fengsel

I samme fengsel som Tryen satt det siste drøye året, sitter fortsatt den protestantiske pastoren Nguyen Trong Ton. Han ble dømt til 12 års fengsel i samme rettssak som Truyen. Stefanusalliansen har sendt appell for ham.

– Kampen er ikke over. En rekke samvittighetsfanger sitter fortsatt fengslet – vårt krav er deres umiddelbare og betingelsesløse frihet, sier Ed Brown. ■

**Utgiver:**  
Stefanusalliansen

**Adresse:**  
Trondheimsveien 137,  
pb 6603 Rodeløkka,  
0502 Oslo  
post@stefanus.no

**Telefon:**  
23 40 88 00

**Ansv. redaktør:**  
Johannes Morken  
jm@stefanus.no

**Redaksjon:**  
Hilde Skaar Vollebæk  
Marianne Haugerud  
Eva Frydenborg

**Framsídefoto:**  
Kuki-kvinner fra  
Manipur i protest mot  
vold og overgrep.  
Foto: Shutterstock

**Design:**  
Von: Bendik Schøien

**Trykk:**  
Kai Hansen Trykkeri

**Opplag:**  
17 000

**Gavekonto:**  
3000 14 57922

**VIPPS:**  
19013



Stefanusalliansen er en misjons- og menneskerettsorganisasjon med et særskilt fokus på trosfrihet.

Synspunkter i artikler står for forfatteres og intervjuobjekters regning. Stefanusalliansens meninger kommer til uttrykk i artikler skrevet av staben.

Vi følger personopplysningsloven.

**Magasinet kommer gratis sju ganger i året.**  
Bestill med SMS:  
MAGASIN til 2377 eller  
post@stefanus.no

Tilgjengelig som podkast. Kontakt KABB:  
kabb@kabb.no

[www.stefanus.no](http://www.stefanus.no)  
[@stefanusalliansen](https://facebook.com/stefanusalliansen)

# BRENDE KYRKJER – KVA GJER DET MED OSS?

Kva gjer det med oss når vi får meldingar om titals eller hundreals kyrkjer som med vilje er brende ned?

■ **Kvar gong ei** norsk kyrkje brenn, er det stor sorg i lokalmiljøet. Mange lokalsamfunn veit noko om smarta over flammane som legg kyrkjer i oske – også mange kjerner den ekstra frycta som følgjer av at nokon med overlegg har tent på.

Men kva gjer det med oss når vi får dramatiske meldingar frå andre land?

I august vart 25 kyrkjer brende ned i kristne nabolag i Jaranwala i Pakistan. Heile lokal-samfunn var under angrep av ei folkemengd som handla i raseri. To kristne brør vart urettmessig skulda for blasfemi. No prøver dei kristne i Jaranwala å byggja opp liva sine på nytt etter tragedien.

## Hundrevis av brende kyrkjer

I delstaten Manipur i India er minst 357 kyrkjer sette fyr på og øydelagde sidan 3. mai. Tusenvis av heimar er øydelagde. Den største delen av valden har ramma det hovudsakleg kristne kuki-folket.

Får slike grufulle meldingar oss til å reisa oss i opprørt protest – og til å falla ned på kne i bøn? Eller prøver vi å gløyma, fordi vi ikkje orkar å høyra meir?

I denne utgåva av magasinet møter du kristne både i Pakistan og India. Du kan

lesa om menneske som oppsøkjer brente kyrkjer for å be, dersom dei kan, eller dei ber der dei er – på opne plassar, i telt eller hjelpesenter for heimlause. Dei ber fleire gonger om dagen. Traumatiserte kristne trygla omverda om å be for dei.

## Bøn og minne

Kwart år arrangerer Opne Dører og Stefanusalliansen fakkeltog for menneske som blir forfølgde for trua si – kristne og mange andre minoritetar. I år er temaet «Utestengt for trua si». Mange norske kyrkjer markerer i tida framover dessutan «Søndag for dei forfølgde». Opprørande og utmattende inntrykk av brende biblar, brende kyrkjer og brende heimar er svært gode grunnar for å tenna engasjement.

Det aller viktigaste vi kan gje kristne søsken under press, er å be for dei og fortelja historiene deira. Det verste som kan skje, er at dei blir gløymde. Det må vi syta for at dei ikkje blir. Vårt ansvar er å hjelpe dei å halda fast i håpet. ■



Opprørande og utmattande inntrykk av brende biblar, brende kyrkjer og brende heimar er svært gode grunnar for å tenna engasjement.



**Johannes Morken**  
Redaktør



Måleri av biletkunstnaren Reidar Kolbrek.

# KVINNER BER TYNGSTE BØRA

Det er nesten alltid kvinnene som ber den tyngste børa når ein familie må leggje ut på flukt, skriv Hans Johan Sagrusten.

*«Barnet vart rykt opp til Gud,  
til hans trone. Men kvenna  
rømde ut i øydermarka, til ein  
stad som Gud hadde laga til  
for henne.» Op 12,5-6*

■ I **Johannes' openberring** kapittel 12 møter vi biletet av ei kvinne. Ho er på flukt, bort frå eit udyr som forfølger henne. Forfølgjaren er ein drake, ein skremmande skapning med fleire hovud og horn, og han sprer ut ei elv av forfølging etter kvenna. Men ho bergar seg ved å flykte ut i øydermarka. Og der i øydermarka viser Gud si omsorg for henne. Gud gjev henne den føda som ho treng.

Dette er eit bilet av Guds folk på jorda. For kvenna er meir enn Maria. Ho er det verdsvide Guds folk. Kvenna står som representant for heile dette folket, midt i deira kamp og strid. Det er eit tidlaust bilet, og det blir sant kvar gong forfølginga bryt ut. Kvar gong Guds folk møter forfølging, ser vi biletet av den forfølgde kvenna på nytt.

#### Alltid ei kvenne

Biletet er ope for tolking, og detaljane kan skifte gjennom tidene. Men alltid er ei kvenne biletet på dei forfølgde. Det er eit talande bilet. For det er nesten alltid kvinnene som ber den tyngste børa når ein familie må leggje ut på flukt. Gud har omsorg for den flyktande kvenna. Gud vil gje henne den føda ho treng. For Gud gløymer ikkje sitt forfølgde folk.

Draken kan koma i mange fasongar. Difor er han framstilt med så mange hovud og kroner. Gjennom hundreåra har skiftande styresmakter vendt seg mot Guds folk. Titlane kan skifte, det same kan metodane dei brukar. Berre målet er det same: Draken vil forfølge Guds folk og tvinge dei inn under si eiga makt.

Men draken er alltid den same: Han er ein figur som vi kjener så altfor godt – han er vondskapen sjølv. Draken er ein ynkeleg figur i Openberringa. For han vender seg alltid mot den som er veikast. Han vågar ikkje å gå i open kamp mot barnet, som er Herren over alle herrar. I staden vender han seg mot kvenna som fødde barnet: Han går etter Guds folk.

#### I stor fare

Biletet av den flyktande kvenna er gripande: Ho er i stor fare, ho er utsett og sårbar. Slik er også biletet av det vesle barnet. For kvenna har eit lite barn, og barnet er utsett og sårbart. «Då fødde ho eit gutebarn», seier bibelteksta. Orda kunne like gjerne ha stått i

juleevangeliet. Barnet er Guds Son som kom til jorda. Også han kom midt i forfølging og motstand.

Slik kan vi kjenne att historia om da Jesus vart fødd. Biletet av kvenna minner om juleevangeliet i Lukasevangeliet. Ja, kapittel 12 er ein slags variant av juleevangeliet. Midt gjennom alle dei framande bileta fortel Openberringa den same historia som i evangelia: historia om det vesle barnet som vart født i Betlehem.

Men forteljinga om kvenna fører inn eit nytt motiv: Det er flukta ut i øydermarka. Det er eit gripande motiv: For Gud har gjort klar ein stad til den flyktande kvenna, fortel Openberringa, der ho skal få den føda ho treng. Det er eit bilet som er fullt av omsorg. Gud har omtanke for dei som sit åleine i det aude.

#### Tilflukt

Det er øydermarka som er tilfluktsstaden i Openberringa. Dit flyktar kvenna som fødde barnet, og der finn ho vern. Slik har det alltid vore. Josef og Maria flykta gjennom øydermarka til Egypt. Dei kristne i Egypt i oldkyrkja trekte seg attende til øydermarka. Kristne i fleire land i dag søker seg til nære husfellesskap når trykket frå makta blir for sterkt. Øydermark og husgrupper er ikkje berre naudløysingar. Det er stader Gud har gjort i stand.

I dag er vi menneske med på å lage tilfluktsstader for Guds folk. Vi er med på å reise trygge stader der Guds forfølgde kyrkje kan finne vern. Slik er vi med på å gjera Guds gjerningar på jorda. Det å gje dei forfølgde vern, mat og ly er ikkje berre allmennmenneskeleg godleik. Det er å vise den same omsorga som Gud viser: Å gjera klar ein stad der den forfølgde kan få ly og vern og føde. ■



Øydermark og husgrupper er ikkje berre naudløysingar. Det er stader Gud har gjort i stand.



#### Gjesteskribenten

Hans Johan Sagrusten er bibelbrukskonsulent i Bibelselskapet.



# VITNE OM TROEN FOR NABOLANDSBYEN

Pastor Steve (t.h.) og en medarbeider. Stefanusalliansen støtter pastor Steves arbeid for å utbre evangeliet og utdanne pastorer og ledere for menigheter blant minoritetsfolk i Vietnam, Laos og Kambodsja. Foto: Ingvar A. Isene

## De vil helst ikke ha misjonærer utenfra, bare de selv kan gjøre det: Vitne om troen for mennesker i nabolandsbyen.

TEKST: JOSTEIN ØRUM, VIETNAM

■ **Bli med til** den lille landsbyen Coc Cang i Vietnam. Du kommer dit ved å kjøre allfarvei ti timer nord for hovedstaden Hanoi. Så tar du av til høyre og kjører enda en dag, over et fjell og ned en dal, opp og ned grønne åssider, langs nylig hostede risterrasser. Når du kommer gjennom en liten landsby med en liten matbutikk og en skolegård med lekende barn, er du snart framme. Da ser du Coc Cang gjennom trærne, noen hundre meter lenger bort i den samme skråningen. Omgitt av rismarker og skog ligger det en håndfull bygninger, omkring disse ligger husene spredt. Noen av dem ser ut til å være bebodd av mennesker, andre ligner små låver plassert på hyllene i landskapet, som rismarkene utgjør.

Landsbyen vi kjører gjennom er bebodd av nung-folket, kvinnene langs veien er kledd i sorte drakter. Det er ikke lett å si når vi kjører ut av en landsby og inn i en annen. Ingen skilt forteller verken vi skal, eller hva det heter der vi befinner oss. Min indre avstandsmåler anslår at det kan være åtte hundre meter fra landsbyen vi kjører gjennom, og bort til Coc Cang, to minutter i mopedfart på humpete veier. På de to minuttene er det ikke bare veien som forandrer seg – den blir dårligere, vi må kjøre saktere. Også kvinnenes klær endrer seg. Bak oss går alle kvinner i sort, foran oss går de kledd i sterke farger. Blå, grønne, røde eller rosa. Rutete og stripe. Men ikke nok med det: Til og med språket endrer seg over den usynlige grensen vi passerte. I Coc Cang bor nemlig hmong-folket.

### Overvåkning og fengsel

Vietnam består av 54 etniske grupper, som hmong og nung. Hmong-folket teller om lag 1,4 millioner av landets befolkning. Hmong-folket er også spredt på tvers av landegrenser i det sørlige og østlige Asia. I 1986 ble den første vietnamesiske hmong kristen, og i dag regner man med at 350 000 av dem er kristne.

Vi parkerer der veien stanser. 14 menn i ensfargede klær, som kunne vært kleskoden hvor som helst i verden, og 13 kvinner, de fleste av dem meget unge, i fargerike

hmong-drakter, står oppstilt utenfor kirken sin da vi kommer. Mange av kvinnene bærer spebarn i armene eller på ryggen. Det er ikke meg de har stilt seg opp for å ønske velkommen, det er pastor Steve, «kirkefaderen».

Den lille mannen kalles pastor Steve i Vesten, når han omtales offentlig. I et halvt århundre har han levd med forhør, overvåking og fengsel. De smilende menneskene i Coc Cang kjenner ham under hans rette navn. De siste tiårene har han etablert et nettverk av kirker i Vietnam bestående av over 1200 kirker, like mange som det er sokn i Den norske kirke.

### Bygget egen kirke

Kirken i Coc Cang er ny og hvitmalt, solid og enkel. Den er et felles løft. Menigheten består av 13 familier – det er slik man oppgir medlemstall her. I dette tilfellet tilsvarer det 75 mennesker. Hver av familiene har lagt 5 000 000 dong i potten fra egen lomme, for å reise kirken. Summen er ikke så stor som det kan høres ut, men 2200 kroner er likevel mye penger for de 13 familiene. De solide, mørkebrune benkene vi sitter på, har de laget selv, bordene og talerstolen også. Familiene gikk sammen i skogen og kom hjem med tømmer til å innrede en kirke. Resten av det de trengte for å få reist en katedral i sement og bølgeblikk, har de fått som gaver, fra venner i Vesten. Eller kanskje mer riktig: venner av pastor Steve. ➤



Kirken i Coc Cang er ny og hvitmalt, solid og enkel. Den er et felles løft.



Den hvitmalte kirken er bygget av menighetens folk. Foto: Jostein Ørum



Først nå er et eget kirkebygg på plass i landsbyen, et bygg som bare er kirke. De har hatt enkle bygg å samles i tidligere også, men nå har de et hus som er kirke. Det er gått over 20 år siden den første mannen i landsbyen ble kristen. Han sitter overfor meg nå, på den andre siden av det selvlagde bordet, og han er en generasjon eldre enn de andre mennene i rommet. Det var radiosendinger som ble hånden som rakte ham de nye fortellingene om Jesus – de som sprengte forestillingene han hadde fra før.

### Troens følger

Når jeg spør om hva som har endret seg her, siden mannen rett overfor meg ble kristen i 1991, er svaret oppsiktsvekkende likt det jeg har fått høre andre steder de siste dagene: Mennene sluttet å drikke, de gikk fra å ikke makte å ta hånd om familien, til å klare det, fra å være uansvarlige til å bli ansvarlige. De spiller ikke lenger bort pengene som skulle forsørget familien. Dette har vært en så gjennomgripende forandring at den ene etter den andre familien har blitt endret og dermed har gjort den kristne troen til sin. Det er rett og slett effekten av evangeliet i livene som overbeviser naboen. En hmong-kvinne sier: «En stor Gud har forandret min ektemann. Det må være ekte.»

Den gamle foran meg, den første kristne, sitter rolig og observerer alt. Hva har han risikert? Det er ikke det at troen på Jesus er ulovlig i Vietnam, det er bare det at den gjør deg til en forræder. Man bryter med landsbyens tradisjon og kollektive fedredyrkelse, man blir det svake ledet som gjør lokalsamfunnet utsatt for forfedrenes



Mennene sluttet å drikke, de gikk fra å ikke makte å ta hånd om familien, til å klare det.

vrede og forbannelse. Selv om Vietnam offisielt er et kommunistisk, og dermed ateistisk, land, er Vietnam meget religiøst. Straffen for å bryte med fellesskapet kan være at avlingen rives opp eller at lokalmyndighetene inndrar bøffelen din. Den gamle mannen foran meg har altså risikert levebrød, sosial posisjon og fellesskap.

### Kvinnene kan ikke være ledere

Nå er det sonnen hans som er pastor i den lille menigheten, utdannet ved en av pastor Steves bibelskoler. Alle er samlet i kirkerommet, sittende på de brune benkene, de som ikke må gå rundt og bysse nyfødte. Blant hmong-folket kan ikke kvinner ha lederansvar i kirkene, eller på noe annet område. Blant andre folkegrupper i Vietnam kan det skje, men ikke her. Kvinnene blander seg likevel inn i samtalen noen ganger og forteller noe jeg ikke forstår, for det blir ikke oversatt.



Landsbyene klorer seg fast i dalsidene. Foto: Ingvar A. Isene

Rommet vi sitter i har noen fellestrek med alle andre kirkerom jeg besøker i Vietnam: den enkle, funksjonelle formen, bølgeblikk på taket, et kors foran i kirken, plastjuletre et eller annet sted bak talestolen og blinkende lys. Og det er mange måneder til jul. Forskjellen er at her er ikke møblene av plast.

### Drømmen for nabolandsbyen

Vi går ut av kirken. Mennene følger meg ut på baksiden, ut på den nylig høstete rismarken mot dalen og det åpne landskapet. Vi befinner oss 1600 meter over havet, og landskapet er åpent, utsikten er vid, og jeg spør hvor grensene for landsbyen går. Mine nye venner peker i ulike retninger og mener å tegne opp noen usynlige grenser som ikke nødvendigvis er logiske. Så peker de bort på den lille landsbyen vi kjørte gjennom for å komme hit, der nungene bor. Det er denne landsbyen som ligger kirken i Coc Cang på hjertet. En dag skal nabolandsbyen også få oppleve den forvandlende kraften fra Gud som de selv har erfart. Og menneskene i Coc Cang vet at det er de som må gjøre det selv. Det er slik kirken i Vietnam vokser: Én familie når en annen familie. Den ene landsbyen tar fortellingen om Jesus til den neste. Én folkegruppe rekker ut hånden til en annen. De vil helst ikke ha misjonærer utenfra, bare de selv kan gjøre det.

De 13 familiene i Coc Cang har en drøm, og drømmen er nabolandsbyen. ■



På vei til gudstjeneste. Foto: Ingvar A. Isene



Straffen for å bryte med fellesskapet kan være at avlingen rives opp eller at lokalmyndighetene inndrar bøffelen din.



Kvinnene er kledd i klær med sterke farger: på bildet over med et barn på ryggen, på bildet til venstre fra et marked for salg av kniver.  
Foto: Ingvar A. Isene

**Gi en gave?**  
Se baksiden, eller bruk giroen

# SAMMEN RUNDT MYSTERIET I TO TUSEN ÅR

Vi kjenner ikke vår egen arv – og hvem som har holdt den fast for oss gjennom to tusen år.

TEKST: HILDE SKAAR VOLLEBÆK

**■ De første kristne** menighetene samlet seg til gudstjeneste i hjemmene sine. Rundt om i Romerriket begynte mennesker å møtes regelmessig, på tvers av alle skiller som samfunnet ellers holdt høyt i hevd. At kvinner og menn, slaver og frie, jøder og romere møttes til et likeverdig fellesskap var uhørt.

Og det de samlet seg om var uforståelig: De første kristne gjenfortalte historien om hvordan Jesus ble korsfestet, døde og så sto opp igjen. De gjenopplevdde disse ufattelige hendelsene rundt et felles måltid, med brød og vin i sine egne hender.

Gudstjenestefeiringen starter i måltidet. Da, som nå, lander det ufattelige mysteriet i det helt håndfaste. I det som binder oss mennesker sammen – vi trenger alle å bli mette, og vi trenger å ta imot.

## Rundt måltidet

Gjennom hundre tusen søndager har kirkene fortsatt å samle seg rundt dette måltidet. De har spist brødet, drukket av begeret og forknyt Herrens død – som Paulus oppfordret menigheten i Korint til å gjøre – helt til han kommer.

Som kristne i Norge tilhører de fleste av oss kirkesamfunn som har føyd seg inn i den lange rekken av gudstjenestefeiringer langt

senere i løpet. Mange av oss har oversett hvor mye vi har fått fra de kirkene som teller sine gudstjenesterekker uavbrutt tilbake til de første kristne. Vi kjenner ikke til vår egen arv – og hvem som har holdt den arven fast for oss gjennom to tusen år.

Den syrisk-ortodokse kirken er noen av de mindre kjente forfedrene våre. De regner selv sin egen liturgi tilbake til de første menighetene i Antiochia. Liturgien er oppkalt etter Jakob, Jesu bror. Forskere har funnet nedtegninger av liturgien fra 300-tallet. På overflaten kan mye virke fremmed for oss, men den dype reisen er den samme – å leve igjennom lidelseshistorien og oppstandelsen i fellesskap gjennom nattverden.

## Englenes oppfordring

Blant nattverdsalmene i Norsk Samlebok finner vi Salme 602, der teksten er hentet fra Jakobsliturgien, gjendiktet til fransk av Gerard Moultrie, og senere oversatt av Per Lønning. Lat kvar jordisk skapning teia er englenes oppfordring til oss om å stå sammen med dem foran Jesus på sin trone.

Fortsatt er vi kalt til å samles rundt dette mysteriet sammen – på tvers av tid, sted og våre menneskelige merkelapper. Kirkehistorien er ikke noe glansbilde av verken kirkenes eller de kristnes enhet og samhold. Men vi kan ha godt av å blankpusse vår takknemlighet for de som formet liturgier, bønner og salmer som vi fortsatt kan ta til oss og gjøre til våre egne. De ble ikke til av seg selv. De ble heller ikke bevart uten smerte og forfølgelser.

Vi har ikke arvet noe dødsbo av våre syrisk-ortodokse venner, det er en levende arv. Men når de gamle kirkene er i ferd med å forsvinne fra Midtosten, trues også den uavbrutte linjen tilbake til de første menighetene. Benytt sjansen til å synge sammen med dem mens vi fortsatt kan! ■



Unge leser Bibelen i en syrisk-  
ortodoks menighet i Tur Abdin  
i Tyrkia. Foto: Erlend Berge

## Lat kvar jordisk skapning teia

Lat kvar jordisk skapning teia og i undringsotte stå,  
hendene mot ljoset breia, fagna kongen ovanfrå!  
Høyr, han seier, full av signing, at me skal til møtes gå!

Kongars konge, fødd til jorda, som ein tenar hjå oss stod.  
Herrars Herre vert vår broder, deler lekam, deler blod,  
gjev seg mellom syndarhender. Brød og vin er gåva god.

Rad på rad lat himmelhærer, kransa vegen kongen dreg!  
Livsens skapar, ljosens berar, herlegdom useieleig!  
No lyt helheims hopar rørma. Mørker vik på all hans veg.

Sjå serafar, kor dei blenkjer, kring Hans stol i himmelhamn!  
Sjå, dei lyfter sine venger, løyner andlet djupt i famn:  
Hosianna, hosianna, Du som kjem i Herrens namn!

*Norsk Salmebok, nr. 602. Copyright © Cantando Musikkforlag.  
Trykt med tillatelse.*



# KYRKJA ER BRENT. BØNENE LEVER

Kvinner og jenter er ramma av grufulle overgrep i valdsbølgjer retta mot eit kristent stammefolk i ein indisk delstat. Minst 350 kyrkjer er brende ned.

—  
TEKST: JOHANNES MORKEN

■ — **Bør held dei oppe**, seier generalsekretær Vijayesh Lal i Det evangeliske kyrkjefellesskapet i India (EFI).

Sidan 3. mai har delstaten Manipur vore ramma av ei valdsbølgje. For første gong er religiøst hat blitt brukt for å fyra opp ein årelang konflikt mellom dei hovudsakleg

hinduistiske meiteiane og det hovudsakleg kristne stammefolket kuki om rettar til land og ressursar. Dei siste kjenner seg pressa av dei første til å gje frå seg grunnlovsfesta rettar.

## Valdtekter og brenning

Kring 20 FN-ekspertar seier at det meste av valden har ramma kuki-folket. Dei kallar valdsbølgja endå ein tragisk milestolpe i den forverra situasjonen for religiøse minoritetar i India.

FN-ekspertane slår alarm om massive overgrep mot jenter og kvinner – både på grunn av etnisiteten deira og religionen til det kristne kuki-folket: Gjengvaldtekter, paradering av nakne kvinner og brenning av kvinner – levande eller døde.

– Det er svært mange tilfelle av seksuell vald og andre overgrep mot jenter og kvinner. Men mange vågar ikkje fortelja, det er knytt så mykje skam til overgrepa, seier Vijayesh Lal.



Ei vandalisert og brent meitei-kyrkje i Imphal i Manipur.

Foto: Newsreel Asia

India har avvist FN-rapporten. Men ein opprørande video som sirkulerte i juli – av nakne kuki-kvinner som vart jaga rundt – er berre toppen av isfjellet, seier Lal.

### Brende kyrkjer

Ein diplomatisk allianse – International Religious Freedom or Belief Alliance (IRFBA), der Noreg er med – fastslår i ein fersk rapport at det religiøse elementet i konflikten er underrapportert.

Minst 357 kyrkjer er brende ned. Meitei-grupper hevdar at 17 tempel også er skadde. IRFBA seier det same som Lal: at det ikkje finst prov for øydelagde tempel. Brenning av kyrkjer er godt dokumentert av mange kjelder. Dette er målretta vald mot kristne samfunn.

Også kristne blant meiteiane er forfølgde – av kuki-grupper fordi dei er meiteiar, og av meitei-grupper fordi dei er kristne. Lal vil byggja bru mellom kristne frå dei to folkegruppene.

INDIA  
BANGLADESH  
MYANMAR

INDIA

BANGLADESH

MYANMAR

### Manipur

- Delstat nordaust i India.
- Meitei-folket dominerer delstaten.
- Utgjer 53 prosent av innbyggjarane.
- Stammefolka:
  - naga 24 prosent,
  - kuki 16 prosent.



Å vita at kristne i andre land ber for dei, oppmunstrar dei fordrivne og styrkjer dei i trua.

Vijayesh Lal

### Møtest i bøn

– Tusenvis har sett kyrkjene bli brende. Korleis held dei fast på tru si, Lal?

– Når vi spør kva dei treng, svarar dei ikkje pengar. Kristne frå både folkegruppene seier: «Be for oss!»

Lal legg til:

– I hjelpesenteret som vi tidleg etablerte i New Delhi, held dei heimlause frå Manipur bønemøte to gonger om dagen. Det same skjer i senteret i Guwahati, i delstaten Assam. Det skjer i alle hjelpesenter. Dei som er jaga på flukt, droppar verken personleg bøn eller felles bøn. Folk ber om at valden må stoppa.





Kristne som framleis bur i landsbyane, går til utbrende kyrkjer for å be, fortel Lal.

#### Treng Guds ord

EFI, der Lal er generalsekretær, hadde generalforsamling med kring 250 deltagarar i september. Eit dusin var frå Manipur, fire av dei kom rett frå den herja delstaten. Også dei bad om forbøn.

– Åndeleg rettleiing og hjelp mot traume er viktig for menneske som har sett kyrkjer og heimar bli brende og som har flykta i redsle etter å ha høyrt rop om «død over kukiane!». Dei seier: «Kom og snakk med oss, hør korleis vi har det, ver saman med oss. Det gjev oss styrke. Fortel verda kva vi går gjennom.»

Vijayesh Lal fortel at også etter ei valdsbølgje mot kristne i Odisha i 2008 var dei fordrivne opptekne av forbøn.

– Dei fekk mat og klede, men etterlyste Guds ord, dei mangla pastorar. Heimlause frå Manipur i dag har mange spørsmål dei ikkje har svar på, dei veit heller ikkje korleis dei skal formulera spørsmåla – dei berre kjempar for å overleva.

Lal legg til:

– Kristne i den verdsvide kyrkja må visa både kuki- og meitei-kristne at dei ikkje er gløymde. Å vita at kristne i andre land ber for dei, oppmunstrar dei fordrivne og styrkjer dei i trua. ■



Hundrevis av jenter og kvinner er utsette for grufulle overgrep i Manipur. Her protesterer kuki-kvinner som har flykta til nabostaten Assam, mot valden. Foto: Shutterstock



Saadia Sahil får hjelp av Sajid Christopher (t.v.) og Human Friends Organization (HFO). Foto: HFO

# BRØDRENE ER FENGSLER. HUN NEKTES HJELP

Den pakistanske regjeringen gjenoppbygger kirker og hjem etter tragedien i Jaranwala. Men familien til to blasfemi-anklagede brødre nektes hjelp.

TEKST: JOHANNES MORKEN

■ **Brødrene Raja og Rocky Masih** sitter fengslet. En påstand om at de hadde skadet en koran og dermed handlet blasfemisk, ble brukt som påskudd for omfatende voldsangrep mot kristne samfunn i Jaranwala 16. august.

Søsteren Saadia Sahil sier at brødrene er helt uskyldige.

– Hun er fortvilet og redd og har mistet håpet, sier Sajid Christopher i Human Friends Organization (HFO), Stefanusalliansens partner, som hjelper ofrene i Jaranwala.

#### Brent ned

25 kirker ble brent ned, og over 90 familier fikk sine hjem smadret og brent. En rekke aktører i Pakistan har fordømt volden. Nettavisen Dawn skriver at politiet sviktet de kristne i Jaranwala ved ikke å beskytte dem. Politiet er nå på plass i Jaranwala. Regjeringen er i ferd med å gjenoppbygge kirkene.

